

BERGEN 2017 AS  
c/o Norges Cykleforbund Postboks 170  
1309 RUD

Dato: 07.07.2016  
Vår ref.: 2016/957-12  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Tilsagn om tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 16. februar 2016 i sak 27/2016 retningslinjer for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom. Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Bruken av desse midlane vert sett i samanheng med andre fylkeskommunale verkemiddel og ressursar frå kommunar, private og frivillige organisasjonar. Målet er at tiltaka skal kunne leve vidare også etter sykkel VM i 2017.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordelte 8. juni 2016 kr 500 000 i tilskotsordning *regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom* budsjettpost 400.420.11 slik:

Søkar	Kommune	Tiltak	Kostnad	Søknad	Tilskot
CK Sotra	Øygarden og Fjell	Sykkeldagar for barn & ungdom i 2016		26 650	Avslag
Fjell kommune, Sotra CK og NCF Sykkelkrets Vest	Fjell	Regionalt Sykkelanlegg Midtmarka		83 700	Avslag
Høylandsbygd Bygdalag	Kvinnherad	Tveito utmark	945 000	200 000	Avslag
Naturvernforbundet	Udefinert	Prøvekjøre elsykkel		100 000	Avslag
Norges Cycleforbund Region Vest	Hordaland	Skolemesterskap sykling		85 000	Avslag
Norges Cycleforbund Region Vest	Hordaland	Sykle til skolen		200 000	Avslag
Norges Cycleforbund Region Vest/ Bergen 2017	Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden + nye kommunar	Alle barn sykler		500 000	500 000
<b>Total</b>				<b>1 195 350</b>	<b>500 000</b>

### Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedteke. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar er pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar;

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- Link til brukarretteiing

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 20

Ressursnummer: 400

Beløp: 500 000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har motteke og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
  - Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.
  - Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessege avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskotsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

### Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 1. august 2017. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

### **Brot på vilkår og føresetnader**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

### **Klage/partsinnsyn**

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland

fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune.

Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*